



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

NR. 3 | JUL | 2016 | 93. ÅRG.

God jul!





Eit barn blir født, eit lys blir tent og gjev oss håp.

Kva er det meg juleforteljinga som engasjerer år etter år? At barn er fulle av forventningar og tel dagane til jul, er ikkje noko å undre seg over. Heller ikkje at folk flest gjerne strøymer til kyrkja si på julekonsertar og julegudsteneste. Truleg har det ikkje berre med julestemning å gjere, som om det skulle vere noko mindre verdig. Kva er det djupast sett grip oss i forteljinga om at Gud kjem menneska nær i bodskapen om ein fødsel? Dette året reiser Sogn og Fjordande teater kring om i kyrkjene her i Sunnfjord med to framsyningar: «JULEKRYBBA – ei magisk feiring av jula sitt under.

Julekrubba er eit spel der handlinga er bygd på juleevangeliet. Kristi fødsel og omstenda rundt den står i sentrum. Evangeliet symboliserer håp, synt gjennom det nyfødde barnet. Eit barn blir født, eit nytt lys vert tent og gir oss håp.» i følgje omtalen. JULEEVANGELIET – Mirjam si forteljing framstiller julevangelet slik syster til Josef ser det, i følgje ei gjendikting ved Håvard Rem. «Juleevangeliet sin sterke bodskap skildrar dramatikken rundt fødselen i perspektiv av både religion, historie og identitet, i følgje omtalen.

Eg trur teateret set ord på sentrale element: ei magisk forteljing, ein sterk bodskap, dramatik og omstende kring fødsel og at det nyfødde barnet symboliserer håp. Vi lever i ei tid med store omskifte og uvisse ute i verda. Men og i det nære og i eigne heimar opplever vi kor brått det kan skifte frå glede til sorg, frå håp til uro. Sjølv om omstenda i Betlehem og i Romarriket var annleis enn det vi ser og høyrer om konflikhtar og krig, har vi den same lengten og håpet etter glede og fred. Gjetarane, dei mest forakta og minst omtykte av alle grupper i samtida, var dei første som fekk høyre den glade bodskapen forkynt av englar:

«Vær ikkje redde! Sjå eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by . Han er Messias, Herren. Og det skal de ha som teikn: De skal finne eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe».

Det nyfødde barnet er det sentrale i all kristen feiring i jula og gjev menneska håp om glede og fred, tass i all uro og tvil. Han som ein gong vart født inn under våre vilkår, møter oss i vår verd og i våre forteljingar om godt og vondt. Vi treng ikkje pynte på våre forteljingar om oss sjølve. Vi blir møtt av Han som veit kva det er å vere menneske. Vi treng heller ikkje magi for å nå fram i møtet med Gud.

Vi kjem til deg, Jesus, med vår lengt etter heilskap og godheit, etter fred og rettferd i verda.

Til deg, Gud, kjem vi med vår otte og uro, vår lengt og vårt håp.

Møt oss med din kjærleik og mett oss med den fred som ditt nærvær gjev oss.

Fri oss frå alt som tyngjer og bind oss, så vi på nytt kan kjenne glede over livet!

**Velsigne julehelg!
Reidar Knapstad
Prosten i Sunnfjord**



Takk til Knut Arne Kummeneje



Etter fem år som spesialprest for barn og unge i Askvoll sokn Fjaler sokn, går Knut Arne Kummeneje tilbake i stillinga som sokneprest i Fjaler frå 1. januar 2017. Knut Arne har i desse fem åra blitt godt kjent med mange barn og unge gjennom deltaking gudsteneste, konfirmantundervisning og andre tiltak med trusopplæring i kyrkjene kring om i Askvoll. Saman med andre medarbeidarar har han vore med på å legge til rette for at barn og unge skal få høve til å finne sin plass og kjenne seg heime i kyrkja gjennom aktiv deltaking. I tillegg har Knut Arne hatt gravferder og vigslø, og slik

blitt kjent i fleire familiar. Vi takkar Knut Arne Kummeneje for sitt varme smil og for sitt engasjement for barn og unge og vi ønskjer han Guds signing over prestetenesta i Fjaler! Ungdomsprest Erling Nydal går inn i arbeidet med konfirmantane i Askvoll saman med soknepresten. Prostiprest Stein Oltedal og pensjonert diakon i Gaular, Kåre Fauske tek ansvar for nokre av gudstenestene i Askvoll sokn denne vinteren.

*Reidar Knapstad
Prosten i Sunnfjord*

*Vi ønsker alle våre gjester/kunder
ei riktig God Jul og eit Godt Nyttår!*

Askvoll
Sjøbuer
MAT + DRICKE

57 73 03 81

OPNINGSTIDER I ROMJULA: 27.12 - 30.12 12.00 - 18.00

Julaften, 1.juledag og 2.juledag og Nyttårsaften, 1.Nyttårsdag held vi stengt.

Finn oss på facebook for å sjå våre kommande arrangement: www.facebook.com/askvollsjobuer



Ei god natt i Førdehuset

I slutten av oktober kvart år er det tradisjon at Askvollkonfirmantane dreg til Førdehuset på nattcup. I løpet av natta 28.-29. oktober var det gudsteneste ved midnatt og Time Out klokka tre. Det var illusjonisten Ruben Gazki som hadde show på Time Outen. Elles samla konfirmantane inn pengar til Globalaksjonen der pengane gikk til Sri Lanka YMCA. Solvang Folkehøgskule i Førde har eit samarbeidsprosjekt med ein folkehøgskule på Sri Lanka som har blitt bygd og støtta gjennom initiativ frå Folkehøgskulen i Førde. Askvollkonfirmantane hadde blitt oppfordra til å førebu ei bod med «hårfletting/styling» til denne aksjonen. Elles var tilboda mange i løpet av natta med både kino, bading, Nintendo og mykje meir. På morgonkvisten var det finalar i jente- og guteklassen, samt kåring av beste heiajeng.



↑ Jentelaget Judas Crew kom heilt til semifinalen. Bak frå venstre: Linnea Skarstein, Malin Thorsnes Herland, Martine Olset. Framme frå venstre: Ine Høyvik Landøy, Kathrine Olset Ask, Camilla Hugøy, Sofie Krumsvik.



Gutelaget Noahs sjark med heiajengen. Bak frå venstre: Matias Ask Fonn, Malene Ask Svellingen. I midten frå venstre: Lisa Tysse, Lady Pearl Pacot, Hedda Kristine Fedøy Tusvik, Silje Myklebust Løvseth. Første rekke frå venstre: Kai Espen Løkeland Jenssen, Robert Landøy Nilsen, Nikolai Fauske Rivedal, Isak Hatlø, Nikolai Stenseth Langeland, Daniel Kvamme. Liggande framme: Brage Haugen.

→ Askvollkonfirmantane samla inn pengar til Globalaksjonen der pengane denne gongen gikk til Sri Lanka YMCA. Frå venstre: Brage Haugen, Lisa Tysse, Ine Høyvik Landøy, Matias Ask Fonn, Lady Pearl Pacot.

→→ I tillegg til styling, hadde boda hårfletting på menyen. Det var mange som blei fine på håret. Her er Lady Pearl Pacot i gang med å flette håret til Martine Olset. Til venstre ser vi Malene Ask Svellingen og til høgre Lisa Tysse.

↘ Det blei straffesparkkonkurranse i kvartfinalen mellom Askvoll sitt jentelag Judas Crew og Fjalerlaget 12girls 1cup. Her er det Hedda Helle frå Fjaler som skytt på målvakta til jentelaget frå Askvoll, Malin Thorsnes Herland. Fjalerlaget vann med knapp margin.



↑ «Gutelaget» Da smelle hadde miksa lag, og stilte i guteklassen. Bak frå venstre: Petter Rivedal Ask, Maya Håkegård Johnsen, Reinis Ansis Strautins. Dei tre gutane i midten: Mathias Kjørvik Vilnes, Nikolai Nord-eide Kjørvik, fjorårskonfirmant og lagleiar Ruben Ask Svellingen. Framme frå venstre: June Isabelle Penny Lindgren, Anna Vårdal Heggøy



↑ Sokneprest i Jølster, Silje Sørebo, fortalte om Frans av Assisi under gudstenesta på Nattcupen. Her er ho saman med liturg Knut Arne Kummeneje. Gudstenesta hadde som tema «Vår takk, vårt håp, vårt ansvar.»



Konfirmanthelga på Nesholmen

Helga 21.-23. oktober var konfirmantane på tur til Nesholmen leirstad i Gloppen. Her deltok dei på ulike aktivitetar, og det blei mye song, musikk og dans. Helga blei avslutta med gudsteneste søndagen før avreise.

Det var mange aktivitetar og mykje moro på konfirmanthelga på Nesholmen. Her er ungdomane med på ein leik på ein av fellesamlingane.



Ny galleritrapp til Holmedal kyrkje

I haust er endeleg ei etterlengta, innvendig galleritrapp på plass i Holmedal kyrkje. Galleriet har i fleire år vore stengt for publikum av branntryggingsomsyn, då det er eit krav om minst to rømmingsveggar som fører til ulike rom. No kan ein nytte galleriet som normalt, og slik har kapasiteten i kyrkja totalt sett har auka.

Trappa er spesialtilpassa kyrkjerommet og er laga av Trappeprodusenten AS.



Babysong i Askvoll

Kyrkja i Askvoll har saman med Sogn og fjordane indremisjon hatt åtte samlingar med babysong på kyrkjekontoret i Askvoll. 15. november var den siste samlinga, og det vart avslutta med ekstra god lunsj. På samlingane har vi sunge kjente barnesongar, klassiske kristne barnesongar, og lært oss thailandske barnesongar som handla om elefantar og skilpadder. Det har vore kjekke samlingar med mykje musikk, glede og latter.

Frå venstre: Rujira Wflannawat, Tor Jørgen Herland og Malene Herland

Fjordane

BEGRAVELSESBYRÅ

bilde babysong mangler...

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

www.fjordan.no

epost: post@fjordan.no

Lindbøen 2

6809 Førde

Vakttelefon 57 82 70 30

Markegt. 42

6900 Florø

Vakttelefon 57 74 31 36

Lailas Blomster

Telefon

57 73 02 95




BARNAS SIDE




Finn vegen til Jesusbarnet i krybba!

Labyrint



Prikk til prikk



Finn 5 feil

Teikningar: Karoline Andersen

Det var ikkje ledig rom i Betlehem til Josef og Maria. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + 1 CD

= berre 399,- (privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnemnt berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Utviding av Askvoll kyrkjegard

Arbeidet med utvidinga av Askvoll kyrkjegard har vore ein lang prosess, og soknerådet har støtt på fleire utfordringar undervegs, som mellom anna har ført til forseinkingar og kostnadsutviding. I desember er prosjektet omsider avslutta, og eit nytt gravplassareal på om lag 2,5 mål med fem nye gravfelt med kapasitet på 258 nye graver er etablert. Utvidingsprosjektet har kosta om lag 3,5 millionar kroner.



I tillegg til etablering av nye gravfelt, er også eksisterande veg- og gangstinett på heile gravplassen oppgradert og sett med kantstein. Fleire nye lyspunkt er montert, og det er komme to nye vannpostar på gravplassen. Det er også etablert ein ny køyreveg fram til hovudinngangen på kyrkja, og sett opp ny smijernsport her. Alt i alt har heile gravplassen fått eit generelt løft.

Tomt til ny driftsbygning på det utvida arealet er klargjort. I Askvoll kommune sin økonomiplan ligg det pr. i dag inne tilskotsmidlar til ny driftsbygning i 2019.

**Gudstenester
i Værlandet
våren 2017**

**12.februar kl. 10.30
2. april kl. 11.00
28.mai kl. 17.00**

Frist for innsending
av stoff til
neste kyrkjeblad:
20. mars

Bruk e-postadresse:
post@askvoll.kyrkja.no

Prosjektstilling (20%)

I gravplassadministrasjonen i Askvoll sokn er det frå 1. februar ledig ei 3-årig prosjektstilling.

Arbeidsoppgåver

- kartlegging av eigarar av graver
- oppdatering av elektronisk gravregister og gravkart
- fakturering av festeavgifter

Arbeidsstad

- kyrkjekontoret i Askvoll

Søknadsfrist 20.12.2016

Informasjon om stillinga får du ved å kontakte kyrkjevevja i Askvoll, Rune Ziener tlf. 479 63 319

Fullstendig utlysing finn du på www.askvoll.kyrkja under fanen **Nyhende og kunngjeringar**

Askvoll sokn
Pb. 14, 6988 Askvoll, tlf 918 74 724
post@askvoll.kyrkja.no, www.askvoll.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn

Meir himmel på jorda

Middag og misjon på Fiskarheimen i Bulandet

Torsdag 6. oktober inviterte vi 8.klassingane i Askvoll til middag og misjon på Fiskarheimen i Bulandet. Middag og misjon er del av trusopplæringa i Askvoll, og vi samarbeider med Det Norske Misjonsselskapet om opplegget. Vi fekk besøk av Ingvald Frøyen som fortalde om sine spennande opplevingar frå livet som misjonær i Mali.

Vi starta med middagsdelen, som kyrkjelydsutvalet i Værlandet og Bulandet hadde ordna med. Vi fekk servert ei god kyllinggryte. Etter middagen fortalde Ingvald Frøyen om Mali og Afrika generelt. Vi delte oss inn i eit gutelag og eit jentelag, og etterkvart som han fortalde, stoppa han opp for å teste om vi hadde følgd med. Han spedde i tillegg på med tema vi ikkje hadde høyrte om på førehand, men kanskje visste likevel.

Etter quizen fortalde Ingvald meir konkret om arbeidet sitt som misjonær i Mali. Noko som fascinerte meg var at sjølv om nesten ingen har innlagt straum, har nesten alle mobiltelefon. Av og til kom det køyrande ein person med ein lastebil som var full av ladestasjonar. Då kom folk med telefonen sin og fekk lada den over natta. Noko av arbeidet dei har fått gjort i Mali er å omsetje Bibelen til det lokale språket og ha det som lydfil. Så kan folk laste det ned på mobilen og høyre på lesing frå Bibelen sidan mange ikkje kan lese og skrive.

Dette opplegget var lærerikt og interessant både for ungdommane og dei vaksne.

Ingvald Frøyen demonstrerar korleis fulanarane, som er eit nomadefolk, brukar dette hovudplagget. Når fulanarane har det på denne måten beskyttar det mot den sterke sola.



Gutelaget prøver å hugse korleis ku, sol, heim og andre ord vert skrive på fulani, som er det språket fulanarane snakkar. Det er den folkegruppa NMS og Ingvald Frøyen hovedsakleg jobbar med i Mali.

Jentelaget bryner seg på dei same orda.



*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen
som leverer alt av blomar
i anledning gravferd:*



- Kistedekorasjon*
- Hjerte*
- Kors*
- Krans*
- Bårebukett m.m.*



Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*



Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

Utdeling av 4-og 6-årsbok

Denne hausten har vi tradisjon tru delt ut 4-og 6-årsbok i Askvoll, Vilnes og Holmedal kyrkje og i Bulandet og Kvammen kapell. Vi har ei samling i forkant av gudstenesta der vi går igjennom nokre av songane som vert brukt i gudstenesta, som òg står i boka ungane får utdelt. Vi øver òg på eit dramastykke om skapinga som dei framfører før preika.



Her ser vi at dei som får 6-årsboka i Vilnes øver på skapingshistoria. Frå venstre: Isak Størdal Lervåg, Johanna Bjarøy-Stuhaug og Alvina Norstrand.

Jorden tar Himlen i favn

Natten var bekmørk, men ikke besatt.
Mennesker redde, men ikke forlatt.
Stallen var liten, kroppen så sliten
i Betlehems by.

Himlen ser jorden savn.
Jorden tar himlen i favn.
Freden og gleden blir ett.
Et nyskapt under blir sett.
For et vakkert barn er født
under stjerner som skinner

mot støv og skitt, som minner
oss om at nå er vi her.

Smertelig, hjertelig er vi til stede
i gråten, gleden og julefreden
som senker seg stille over den lille
i Betlehems by.

En nyvakt slekt, den synger
til byrden av det som tynger
kan lettes og slettes på ny.

Er dette sært?
Himlen ser jordens savn.
Jorden tar himlen i favn.
Det er nært og kjær.

Sigurd Wahl Sande

Frå: Over motbakkene er himlen alltid blå

Er du 4, 5, 6, 7, 8 år
eller meir?

Då er du velkomen til Laurdagsklubben

I laurdagsklubben er det barn frå Atløy, Holmedal og Askvoll. Vi har eiga facebookside som heiter Laurdagsklubb i Askvoll kyrkje, der kan mamma og pappa og besteforeldre lese kor tid det er klubb. Dei er velkomne til å vere med (då får dei kaffi).

«Det er så brrrrrrrrrrrrra at akkurat du er akkurat her» syng vi. Vi opnar ei skattekiste. Visste du at inni Bibelen er det mange løynde skattar? Skattar som Jesus vil dele med oss. VI kan ikkje sjå dei med augene våre, men kanskje dei kan få plass inni hjartet? I skattekista på Laurdagsklubben ligg alltid nokre ledetrådar på kva for ei bibelforteljing som kjem.

Og så har vi noko som heiter PANGSTART! Då tel vi ned frå 10 og slepp ein ballong. Om vi greier å smelle han, finn vi ein lapp inni med eit oppdrag. Då skal vi lage eller gjere noko som har med bibelforteljinga å gjere.

Våren 2017 har vi desse møtedagane;

Januar;	14. og 28.
Februar;	11. og 25.
Mars;	11. og 25.
April;	22.
Mai;	6. og 20.

Vi møtast i Askvoll kyrkje klokka 11.00-12.15.

Vi gleder oss til å sjå deg!

Helsing leiarane



Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

08. januar kl.11.00

Gudsteneste ved Kåre Fauske. Offer til Kirkens SOS.

29. januar k.11.00

Bibelgudsteneste ved Stein Oltedal. Offer til Det Norske Bibelselskap.

12. februar kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Sjelesorgssenteret, ModumBad.

12. mars kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Norsk Luthersk Misjons-samband.

26. mars kl.11.00

Barnas påskegudsteneste ved Erling Nydal. Offer til Laurdagsklubben.

16. april kl.12.00

Gudsteneste 1.påskedag ved Stein Hugo Fykse. Offer til Søndagsskuleforbundet Region Bergen.



VILNES KYRKJE

15. januar kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Skilbrei Ungdomssenter.

12. februar kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kirkens Bymisjon, Bergen.

05. mars kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Søndagsskuleforbundet Region Bergen.

02. april kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Haraldsplass diakonale stiftelse.

13. april kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Sjømannskyrkja, Sogn og Fjordane.



HOLMEDAL KYRKJE

01. januar kl.17.00

Gudsteneste ved Reidar Knapstad. Offer til Kirkens Bymisjon i Bergen.

22. januar kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjebladjubileum.

19. februar kl.11.00

Gudsteneste ved Kåre Fauske. Offer til Det Norske Bibelselskap.

19. mars kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjebladet.

13. april kl.19.00

Gudsteneste ved Reidar Knapstad. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.



KVAMMEN KAPELL

29. januar kl.15.00

Bibelgudsteneste ved Stein Oltedal. Offer til Det Norske Bibelselskap.

19. februar kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kvammen kapell.

12. mars kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til KFUK/KFUM.

14. april kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Ikkje offer.



BULANDET KAPELL

15. januar kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

05. februar kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjebladet.

05. mars kl.11.00

Gudsteneste ved Kåre Fauske. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

02. april kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Institutt for sjelsorg, Modum Bad.



STONGFJORDEN KAPELL

29. januar kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Stongfjorden kapell.

17. april kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

Sjå www.askvoll.kyrkja.no

for oppdatert
gudstenesteliste





Kyrkjelege handlingar



DØPTE 2016

ASKVOLL KYRKJE

27. nov. Malene Herland
27. nov. Rujira Wannawat

HOLMEDAL KYRKJE

06. nov. Sigrid Erikstad
06. nov. Sofie Turøy Myklebust

BULANDET KAPELL

30. okt. Leon Anton Landøy
04. des. Stig Johan Grepstad
Kjæmpenes

VILNES KYRKJE

09. okt. Matheo Høyvik Schaefer
09. okt. Liam Nikolai Høvik
Bjånes

KVAMMEN KAPELL

02. okt. Kaja Osland Vallestad

VÆRLANDET KAPELL

06. nov. Nicolay Severin
Helgesen Landøy



VIGDE 2016

ASKVOLL KYRKJE

10. september Anna Proskurnina
Rune Ziener
17. september Zane Likanse
Cesar Arancibia



GRAVLAGEDE 2016

ASKVOLL

02. september Magnar Olset f. 1944
28. oktober Nils Midling Hansen f. 1944
01. november Borghild Alida Dørhellen f. 1916
17. november Turid Solheim Rivedal f.1949
25. november Malvin Johan Stuen f.1922

HOLMEDAL

4. november Olav David Rivedal f.1940

BULANDET


18. november Kristian Harald Kjempenes f.1940

Det hadde dessverre oppstått ein feil under gravlagde i haustnummeret for 2016.

Dette beklagar vi.

Greta Landøy f.1942 vart gravlagt i Værlandet 12.07.16.

Hallvard Tysse f.1919 vart gravlagt i Bulandet 19.04.2016.



Gudstenester i jula

JULAFATAN

Kl. 13.30 Bulandet kapell

Kl. 13.30 Kvammen kapell

Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

Kl. 16.00 Holmedal kyrkje

JULEDAG

Kl. 12.00 Askvoll kyrkje

2. JULEDAG

Kl. 11.00 Vilnes kyrkje

NYTTÅRSAFTAN

Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

NYTTÅRS DAG

Kl. 17.00 Holmedal kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA Askvoll

KONTAKT OSS



RUNE ZIENER
Dagleg leiar/kyrkjeveerje

☎ 479 63 319
✉ kyrkjeveerje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK
Kyrkjesekretær

☎ 918 74 724
✉ kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no



STEIN HUGO FYKSE
Sokneprest

☎ 909 60 154
✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no



RAGNHILD STAV
Trusoppplærar

☎ 909 67 627
✉ kyrkjelydsarbeidar@askvoll.kyrkja.no



ANTON PROSKURNIN
Organist

☎ 482 32 977
✉ organist@askvoll.kyrkja.no



KNUT ARNE KUMMEJE
Spesialprest (barn/unge)

☎ 908 55 230
✉ knut.arne.kummeneje@fjalor.kyrkja.no

No kan du betale for kyrkjebladet på sms
Send **BLAD** på
sms til **2380**
(200 kr)

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: post@askvoll.kyrkja.no

Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no

Facebookside: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



Kontortid: tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

Beredskapstelefon: 954 83 152 ved akutt behov for prestatjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

Kyrkjebladredaksjonen: Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask, Ragnhild Stav

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte 909 38 382